

Presidenten ber videre om Stortingets bemyndigelse for Presidentskapet til etter alminnelig praksis å utføre forskjellige forretninger som tilligger Presidentskapet, og foreslår: Presidentskapet bemyndiges til å la oppta og redigere debattene i Stortinget og dets avdelinger i samsvar med den gitte instruks, samt til enhver tid å treffe de bestemmelser som måtte kreves i anledning av utgivelsen av «Stortingstidende», innstillinger, dokumenter og lover. — Denne bemyndigelse anses gitt.

Det foreligger et brev fra Oslo Domprosti av 22. september 1964 sålydende:

«På kirkens vegne har jeg den ære og glede å innby Stortinget til gudstjeneste i Oslo Domkirke søndag 4. oktober kl. 11.

Forrettende prest: Oslo domprost.

Fredrik Knudsen.»

Presidenten anmoder de representanter som ønsker å delta i gudstjenesten, om å samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 4. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 11.55.

#### Møte fredag den 2. oktober kl. 13

President: L a n g h e l l e.

#### Åpning av det 109. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongen leste opp følgende trontale:

«Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for Fedrelandet.

Norge vil arbeide for å styrke De forente nasjoner, støtte nedrustningsbestrebelsene, motarbeide spredning av atomvåpnene og bidra til en fredelig utvikling i verden.

Norge vil støtte FN's fredsbevarende funksjoner, og vil holde visse styrker i beredskap for eventuelle FN-oppdrag.

Gjennom FN vil Norge arbeide for løsning av gjenværende koloniproblemer og motarbeide rasediskriminering.

Vårt samarbeid med og vår støtte til utviklingslandene vil bli ført videre.

Norges sikkerhet og fred vil fortsatt trygges ved vårt medlemskap i NATO.

Gjennomføringen av Forsvarsplanen for perioden 1964—1968 vil fortsette.

Norge vil delta aktivt i samarbeidet for friere verdenshandel og raskere økonomisk vekst i alle land og arbeide for en tilnærming mellom Frihandelsforbundet og Fellesmarkedet.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget et program for utbygging av landet i perioden 1966—1969.

Regjeringen tar fortsatt sikte på full selselsetting, rask økonomisk vekst og en rettferdig fordeling av produksjonsresultatet, og ser det som en hovedoppgave å bevare landets konkurransevne.

Regjeringen vil gå inn for samarbeid med arbeidslivets og næringslivets organisasjoner om den samfunnsmessige planlegging.

Regjeringen tar sikte på å forsterke arbeidet med sikring av friluft- og naturvernområder.

Nye lovregler om regulering av fjellvidder og om sikring av strandstrekninger vil bli lagt fram.

Stortinget vil få seg forelagt forslag om at staten skal kunne utstede særlige obligasjoner til finansiering av grunnerververvelser for utbygging av byer og tettgrender og for sikring av friluftsområder.

Regjeringen vil legge stor vekt på å fremme og effektivisere industrireisningen i distriktene, og holde et høyt tempo i utbyggingen av kraftanlegg og sambandslinjer.

Regjeringen vil gå sterkt inn for tiltak som kan fremme en rasjonell disponering av grunnarealer og for utvikling av vekstsentra i de forskjellige deler av landet.

Arbeidet med et økonomisk kartverk vil bli påskyndet.

Boligbankenes utlånskvote vil bli foreslått økt, slik at det kan bli satt i arbeid 31 500 leiligheter i 1965.

Det vil bli lagt fram en melding til Stortinget om boligbyggingen og boligfinansieringen.

Regjeringen vil legge særlig vekt på tiltak til fremme av forskning og undervisning og vil opprette et eget regjeringsutvalg for forskning.

Regjeringen vil foreslå opprettet et fond til støtte av forsknings- og utviklingsarbeider i industrien. En langtidsplan for den teknisk-naturvitenskapelige forskning vil bli lagt fram for Stortinget.

Utbygging av universitetene i Oslo og Bergen og av Norges tekniske høyskole vil bli fortsatt i høyt tempo. Det blir foreslått bevilg-

ninger til større nybygg for kjemi, matematikk, biologi, odontologi, språk og samfunnsvitenskap.

Det vil bli foreslått at det skal opprettes et universitet i Trondheim, og at det skal kjøpes grunnarealer til dette formål.

Gjennomføringen av 9-årig folkeskole vil fortsette, og det vil bli utarbeidet en plan for den videre utbygging av spesialskoler.

Stortinget vil få seg forelagt særskilte utbyggingsplaner for yrkesutdanning i håndverk og industri, handel og kontorarbeid, husstell og sosialt arbeid. Det vil bli satt fram proposisjon om journalistutdanning.

Stortinget vil få seg forelagt proposisjon om opprettelse av et kulturfond til fremme av norsk litteratur, kunst og kulturvern.

Så snart Stortinget har behandlet meldingen om folkepensjon, vil Regjeringen utarbeide proposisjon om gjennomføring av pensjonsordningen.

Satsene i alderstrygden, uføretrygden og enke- og morstrygden vil bli foreslått forhøyet fra 1. januar 1965.

Det vil bli fremmet forslag om å øke krigspensjonene.

Stortinget vil motta melding om hovedlinjer i utbyggingen av omsorgen for handikapte, og den videre utvikling av eldreomsorgen vil bli utredet.

Regjeringens jordbrukspolitikk vil ta sikte på å skape rasjonelle og lønnsomme driftsenheter.

Det vil bli lagt fram proposisjon om rett-leiingstjenesten i landbruket.

Arbeidet med å styrke lønnsomheten i fiskeriene vil fortsette.

Det vil bli gjennomført en ordning med toppfinansiering av fiskefarkoster og endringer i organiseringen av førstehåndsomsetningen av sild.

Stortinget vil motta en melding om utbygging av Decca-kjeden.

Velferdsarbeidet blant fiskerne vil bli utredet.

Det vil bli opprettet et Svalbardråd til å samordne og vareta norske interesser på Svalbard.

Stortinget vil motta proposisjoner om lov om statsbedrifter og lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. Det vil bli foreslått medbestemmelsesrett for ansatte ved statens industribedrifter.

Regjeringen vil fremme proposisjon til lov om enerett for det offentlige til utbygging av kraftanlegg.

Regjeringen vil foreslå øking av bevilningene til riksveier og telegraf og telefon.

Regjeringen vil legge fram forslag om Telegrafverkets og Postverkets organisasjon.

Forslag til ny lov om veitrafikk og motorvogner vil bli lagt fram for Stortinget.

For å lette industriens leveranse av materiell til Forsvaret, vil det bli utarbeidet langsiktige planer for materiellfornyelser.

Det vil bli satt ned en komité med oppdrag å vurdere på generelt grunnlag lønnsforholdene for dem som lønnes av staten.

Det vil bli lagt fram melding om arbeidet med tilpassing av utdanningskravene til arbeidsoppgavene i statsforvaltningen og om opplæringsvirksomheten for statens tjenestemenn.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 109. ordentlige Storting åpnet.»

Statsråd Granli leste opp følgende melding om rikets tilstand og styring:

«I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har gjennom Dei sameinte nasjonane og på andre måtar ført vidare sin politikk med sikte på å hjelpe til å byggje opp eit internasjonalt rettssamfunn og til å fremje fredelig samarbeid mellom alle statar. Noreg har vori med i ei rekkje internasjonale konferansar, mellom dei den 18. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane. Gjennom sitt medlemskap i Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane har Noreg aktivt søkt å medverke til ei fredelig løysing av dei spørsmål som har vori oppe til drøfting. I samsvar med sitt ønske om at Dei sameinte nasjonane skal vere ein effektiv reiskap i fredens teneste, har Noreg saman med dei andre nordiske landa vedteki å setje opp ein fast styrke som skal stå budd til å brukast til fredsvernande tiltak som Dei sameinte nasjonane set i verk.

Avdelingar frå Hæren på om lag 500 mann held fram med tenesta si i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda. Vaktstyrkane i Kongo er no avvikla. Personell frå Sjøforsvaret gjer framleis teneste i den etiopiske marinen.

Noreg har innanfor ramma av forsøksordninga med Det norske fredskorpset gjort avtale med Uganda om bruk av norske fredskorpsdeltakarar. I samsvar med avtalen er to norske fredskorpsgrupper på til saman 35 personar sende til teneste i Uganda.

Saman med Danmark, Sverige og Dei sameinte nasjonane har Noreg skrivi under ein tilleggsavtale med Republikken Korea om at avtalen om skiping og drift av eit nasjonalt sjukehus i Korea av 13. mars 1956 skal gjelde vidare for ein tilleggsperiode på fem år frå 1. oktober 1963 til og med 30. september 1968.

Noreg var med på den konferansen Dei sameinte nasjonane skipa til om handel og utvikling i Genève i mars—juni. Konferansen vedtok ei rekkje tilrådingar om handelspolitiske og finansielle tiltak for å fremje den økonomiske voksteren i utviklingslanda.

Noreg er med i dei nye tolltingingane som går føre seg innanfor ramma av Generalavtalen om tolltariffar og handel (Gatt). Under disse tingingane tek ein sikte på å nå fram til så vidfemmande tollreduksjonar som mogleg og å lempe på hindringane for handelen åt utviklingslanda.

Noreg har vori aktivt med i samarbeidet i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA). Tollsatsane mellom medlemslanda har no vorti reduserte med 60 prosent og vil bli reduserte med endå 10 prosent den 31. desember i år. Ein søker òg å utvida samarbeidet til andre sider av den økonomiske verksemda. Utviklinga i Det europeiske økonomiske fellesskapet er nøye følgd, og ein har søkt å ta vare på dei norske interessene som iverksetjinga av Fellesskapet innverkar på.

Norsk skipsfart er framleis utsett for hemmande tiltak i andre land. Noreg har dels på tosidig basis og dels i samarbeid med dei andre interesserte skipsfartslanda arbeidd aktivt for å få oppheva slike tiltak.

Dei norske styremaktene har i samarbeid med Danmark og Sverige arbeidd vidare med å verne om dei trafikkrettane SAS har i andre land og å oppnå nye.

I Washington vart i juli representantar for dei vest-europeiske landa, Sambandsstatane i Amerika, Canada, Australia og Japan samde om teksten til ein regjeringsavtale om å skipe eit verdsomspennande system for telesamband. Noreg skreiv under avtalen 31. august.

Noreg har godkjent domsmakta åt den europeiske menneskerettsdomstolen for eit tidsrom på tre år, rekna frå 30. juni.

Dokumenta om nymerking av riksgrensa i Pasvik-vassdraget etter utbygginga av vassdraget er godkjende av den norske og den sovjetiske regjeringa.

Ein avtale med Sambandsstatane i Amerika om å halde fram i 5 år til med det såkalla Fullbright-programmet for utveksling av vitenskapmenn og studentar m. m. mellom dei to landa er underskriven i Washington.

Kulturavtalen mellom Noreg og Kina tok til å gjelde 9. april. Kulturavtalen mellom Noreg og Irland vart underskriven 2. april.

Oppsetjingane og verksemda til forsvaret har haldi seg innanfor dei rammer Stortinget har dregi opp.

Alle byggjekontraktar under flåteplanen er slutta. Ein del nytt materiell er motteki under våpenhjelpa — m. a. helikopter og middels-

tunge stridsvogner, og avtalar er slutta om levering av jagerfly.

Øvingsordninga i sivilforsvaret er lagd om i samsvar med vedtak av Stortinget, slik at grunnopplæringa no skjer ved samanhengande kurs på 14 dagar i leir. Dette vil i tida framover gjere uttrykingsstyrkane meir effektive.

Satsane for statstilskott til kommunane for bygging av offentlege tilfluktsrom, vart i 1963 auka monaleg. Trass i dette har kommunane hittil ikkje gjort tiltak til den utviding av byggeverksemda ein hadde rekna med.

Folkemengda var 3 704 000 pr. 1. oktober 1964, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har vori prega av den kraftige økonomiske framgangen i landet. Sysselsetjinga har auka etter måten sterkt siste året, og særleg i dei siste månadene har det vori stor skort på arbeidskraft i mange yrke. Truleg må ein attende til 1961 for å finne ein så stram arbeidsmarknad som i sommar.

Arbeidsløysa i vinter var mindre enn i dei to førre åra. Men det var framleis noko arbeidsløysa, særleg i dei distrikta som er veikast utbygde.

Ved utgangen av juli var det sysselsett 9 700 fleire lønstakarar enn året før. Det er særleg i dei tenesteytande næringane at sysselsetjinga aukar sterkt, men det siste året har det vori ein monaleg auke i industrien òg. Nedgangen har haldi fram i jordbruk, skogbruk og fiske.

Den samla produksjonen av varer og tenester i 1964 vil, så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga, bli om lag 6 prosent større enn i 1963.

Oppgaver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei sju første månadene av 1964 var nær 6,9 milliardar kroner, eller 690 millionar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var 4,9 milliardar kroner, dvs. 925 millionar kroner meir enn i dei same månadene i fjor. I mengd auka utførsla 18 prosent, samstundes som prisane steig med vel 3 prosent. Importprisane viste ingen store endringar, medan mengda steig med 10 prosent. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med 450 mill. kroner, frå 1 120 mill. kroner i januar—juli 1963 til 670 mill. kroner i same tidsrom 1964.

I dei sju første månadene av året var nettovalutainntektene av norske skip i utanriksfart 2 430 mill. kroner, eller 330 mill. større enn i same periode i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 125

mill. kroner, dvs. 915 mill. kroner mindre enn i dei første sju månedene av 1963. Nettovalutamengda auka med 165 mill. kroner i januar—juli i år.

I jordbruket har ulagleg vêr sett årsvokster og avlingskvalitet tilbake i mange strøk, særleg på Vestlandet. Ein ventar at husdyrproduksjonen i alt blir noko større i 1964 enn året før.

I skogbruket vart det i hogsttida 1963—64 etter førebels oppgåver avverka om lag 7,0 mill. kbm bartretømmer og 400 000 kbm lauvtretømmer. Det er 700 000 kbm bartretømmer og 60 000 kbm lauvtretømmer meir enn året før.

Utbyttet av fisket i første halvår 1964 var om lag 742 000 tonn mot 538 000 tonn i same tidsrom i 1963. Auken i fangstutbyttet kjem i første rekkje av at vintersildfisket i år gav eit betre resultat enn i 1963. Årskvantumet av vintersild vart på 286 000 tonn mot 61 500 tonn i året før. Skrei- og vårtorskefisket derimot har gjevi eit dårlegare resultat enn i 1963.

For kvalfangsten i Antarktis var produksjonen av kval- og spermolje i fangstbolken 1963—64 om lag 14 prosent større enn i førre fangstbolken. Produksjonen var likevel langt mindre enn i fangstbolken 1961—1962.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månedene i år 8,5 prosent større enn i same tidsrom i fjor og 13,5 prosent større enn for to år sidan. Produksjonsauken i forhold til januar—juli 1963 var 10 prosent i bergverk, 8 prosent i industri og 12 prosent i kraftforsyning. Dei industrigruppene som hadde særleg sterk produksjonsauke var tekstilindustrien, treindustrien, kjemisk industri og primær jern- og metallindustri, medan det var ein mindre produksjonsnedgang i m. a. nærings- og nytingsmiddelindustrien og i den elektrotekniske industrien. Produksjonsauken i forhold til dei sju første månedene 1963 var 13 prosent for utførslevarer, 5 prosent for forbruksvarer og om lag 8 prosent for varer til direkte investering og vareinnsats.

Byggjeverksemda har hatt noko større omfang i 1964 enn i 1963. Det samla arealet av igangsette bygg var i dei sju første månedene vel 13 prosent større enn i fjor. Talet på igangsette husvære auka med 1 340. Det vart teki i bruk bygg med ei samla golvflate som var 4,5 prosent større enn året før, medan talet på ferdigbygde husvære var 14 100 eller 835 færre enn i same tidsrom i fjor. Det samla arealet i arbeid var om lag som året før.

I anleggsverksemda var syssel-

setjinga i dei seks første månedene av året gjennomsnittleg 1,5 prosent lågare enn i tilsvarende periode i fjor.

Handelsflåten auka med 300 000 bruttotonn i første halvår 1964, og var på 13,7 mill. bruttotonn pr. 30. juni. Størsteparten av tilgangen var tanktonnasje. Ved utgangen av 1. halvår var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 3,8 mill. bruttotonn mot 3,3 mill. bruttotonn på same tid året før. For tørrlastskip var fraktene på verdsmarknaden høgre i første halvår enn eitt år tidlegare, men tankkratane har gått mykje ned. Ved utgangen av august låg 17 tankskip og 1 tørrlastskip på til saman 226 000 bruttotonn i opplag, mot knapt 100 000 bruttotonn eitt år før.

Den innanlandske samferdsla aukar framleis. Landevegtrafikken auka med ca. 14 prosent frå 1962 til 1963. Ved utgangen av 1963 var bilparken på ca. 492 000 vogner. I dei 7 første månedene av 1964 vart det registrert 48 364 nye bilar, eller om lag 5 500 fleire enn i same tidsrom 1963. Det offentlege vegnettet er på ca. 53 600 km, av dei er det lagt fast dekke eller oljegrusdekke på om lag 6 000 km. Jernbaneanlegget Bergen—Arna—Tunestveit vart opna for trafikk 1. august 1964. Strekningen Ål—Ustaoset vart opna for elektrisk drift 15. desember 1963. Personførsla med jernbanene låg i første halvår 1964 ca. 6 prosent lågare enn i same tidsrom i 1963, medan godsførsla, utanom malm på Ofotbanen, låg ca. 4 prosent høgre. Kyst- og lokalrutetrafikken har haldi seg på om lag same nivå som i fjor. Den nye ekspedisjonsbygningen på Fornebu vart opna 1. april. Andenes flyplass vart teken i bruk for sivil luftfart i vår, og Langnes flyplass ved Tromsø vart opna i september. Talet på flypassasjerar innanlands auka i januar—mai med 36 prosent i forhold til same tidsrom i fjor. Trafikkauken har vori særleg sterk på flyrutene på Nord-Noreg.

Nettotilgangen på telefonapparat ved anlegga til Telegrafverket var i tidsrommet 1. juli 1963 til 30. juni 1964 ca. 28 000 eller om lag som i førre perioden. I talet er ikkje medrekna apparat som er overtekne ved tilknytingsnetta eller frå private selskap. Om lag 76 prosent av abonnentane til Telegrafverket er tilknytte automatsentralar.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første åtte månedene av året 4,7 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor. I august 1964 låg indeksen 4 prosent over nivået i januar.

Engrosprisindeksen låg jamt over

for dei første åtte månadene 3,9 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor.

For utviklinga i dei private inntektene i 1964 har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønnstakarinntektene før skattlegging vil bli 7—8 prosent større i 1964 enn i 1963. Den personleg disponible realinntekta vil så vidt ein no kan dømme auke med 3—3,5 prosent frå 1963 til 1964.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar rundt 4 prosent større enn i tilsvarende periode i 1963. For heile året er det rekna med ein auke på 3—4 prosent i forhold til 1963.

Bruttoinvesteringane i fast kapital var noko mindre i første halvår 1964 enn i same periode 1963. Dette heng saman med at investeringane i skip i dei 6 første månadene i år var monaleg mindre enn i første halvår 1963. For året under eitt reknar ein no med at skipsinvesteringane vil bli om lag som i 1963 og dei samla bruttoinvesteringane i fast kapital rundt 2 prosent større enn i fjor.

Kredittpolitikken har i år òg i stor mon bygd på avtalar med kredittinstitusjonane om å avgrense utlånsauken og plassere midlar i partialobligasjonar. Auken i utlån til næringslivet, kommunar og private frå norske kredittinstitusjonar har hittil i år vori sterkare enn i fjor, medan opplåninga i utlandet har vori tydeleg lågare.

Finanspolitikken verkar i 1964 mindre avgrensande på etterspurnaden enn før. Trass i store statlege låneopptak vil det i året gå for seg ein omfattande tilførsel av likviditet frå staten til bankar og private.

Skattegrunnlaget i kommunane går framleis opp. Men kommunane må etter betringa i reduksjonstabellane og fordi utgiftene stig, etter kvart ta i bruk høgre skattøre. Dei kommunale investeringane er mykje større enn det kommunane maktar å finansiere av driftsinntekter, og den kommunale låneskulda stig sterkt. For budsjettåret 1965 vil det bli brukt 145 mill. kroner til kommunal skatteutjamning og 115 mill. kroner som tilskott til vegutgiftene i fylka.

Stønadsattsane i lovene om alderstrygd, uføretrygd og attføringshjelp vart auka med ca. 10 prosent frå 1. januar 1964.

Det er vedteki lov om enkje- og morstrygd og lov om sosial omsorg, som begge tek til å gjelde fullt ut 1. januar 1965.

Det Norske Flyktningsråd har haldi fram med si vidfemnande hjelpeverksemd for flyktingar i andre land. Fridtjof Nansen-heimen

i Saloniki i Hellas for gamle armenske flyktingar er nettopp ferdig.

Alkoholforbruket var i 1963 3,66 liter rein alkohol rekna pr. innbyggjar på 15 år og over, — mot 3,54 liter i 1962. Talet på drukken-skapsmisferder var 1963 32 434. Det er 3 prosent fleire enn i 1962. Pr. 1 000 innbyggjarar på 15 år og over blir dette 11,9 misferder mot 11,5 i 1962.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere god.

Det har i året ikkje vori alvorlege epidemiar av farlege smittsame sjukdomar.

Talet på dødsfall i spedbarn-alderen går framleis nedover.

Arbeidet har haldi fram med å regulere lækjardistrikta på grunn av endringane i kommuneinndelinga, og meir enn halvparten av lækjardistrikta i landet har fått grensene regulerte.

Det blir i 1964 teki i bruk ca. 650 nye sjukehussenger.

Utbygginga av dei psykiatriske institusjonane går for seg etter dei retningslinene som er dregne opp i lov om psykisk helsevern og St. prp. nr. 137 (1959—60).

Samla nettoutgifter til kulturformål på stats- og kommunebudsjetta vil i år komme opp i nærmare 3 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 018 prestestillingar. Det er gjevi løyve til å byggje 6 kyrkjer og kapell i 1964. I alt er det no om lag 1 500 kyrkjer og kapell i landet.

I skoleåret 1963—64 var det i alt om lag 660 000 elevar i dei ulike skoleslaga. Talet på lærarar i fulle stillingar var vel 30 000. Av timelærarar var det over 10 000.

Siste skoleåret var 105 kommunar i gang med 9-årig skole. I år vil talet stige til om lag 140. Dei kommunane som då er i gang med å gjennomføre den nye folkeskolen har nærmare 25 prosent av folketalet i landet.

Når det gjeld spesialskolane, er det i 1964 sett i gang 1 ny internatskole og 5 nye ekster-natskolar for evneveike.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er no oppe i 19 prosent av tilsvarende alderskull. Ny lov om realskolar og gymnas er sett i kraft 1. august i år.

Våren 1964 vart det uteksaminert 1780 nye lærarar frå lærarskolane våre og ved faglærarskolane var talet 762. I dette skoleåret er det 6 000 elevar ved dei vanlege lærarskolane og 900 elevar ved faglærarskolane.

I yrkesskolane for handverk og industri er elevtalet no oppe i om lag 15 000. Yrkesskolane for handel og kontorarbeid har i dette skoleåret eit elevtal på om lag 16 000, og av desse er 10 000 i dei skolane som driv etter gammal ordning.

1964. 5. okt. — Permisjoner.

(Statsråd Granli)

I tekniske skolar, tekniske fagskolar og elementært tekniske skolar er elevtalet no om lag 3 500.

Studenttalet ved universiteta og høgskolane har auka med om lag 2 000, og var hausten 1963 om lag 15 000.

Universitetet i Oslo har no teki i bruk det nye administrasjonsbygget, som òg gjev arbeidsrom for undervisning og forskning.

Ved Noregs tekniske høgskole er nybygget for varmeteknisk laboratorium teki i bruk.

I Bergen er no reguleringsplanen for universitetsområdet på Nygårdshøyden vedteken, og planleggingsarbeidet for dei bygga som skal reisas først, er kommi godt i gang.

Byggjeverksemda for undervisningsformål ligg framleis på eit høgt nivå. I 1963 vart det teki i bruk nybygg på i alt 370 000 m<sup>2</sup> golvflate.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. juli i år i alt om lag 67 000 låntakarar. Lånesummen var 450 mill. kroner eller nesten 90 mill. meir enn året før. I skoleåret 1963—64 vart det i statsstipend delt ut 37,7 mill. kroner til 36 000 elevar og studentar. I tillegg kjem 10 mill. kroner i stipend av Arbidsløysetrygda.

Arbeidet med å reise det nye fjernsyns- huset er no i full gang.

Det er sett i verk ny stønadsordning for norsk filmproduksjon.

Teatra og Den Norske Opera har hatt eit godt arbeidsår.

Det er teki i bruk 15 nye samfunnshus, 3 idrettshallar, 19 symjehallar og 49 utandørs idrettsanlegg. Ved utgangen av 1963 var det om lag 250 samfunnshus, 115 symjehallar, 58 utandørs symjeanlegg, 15 idrettshallar og om lag 4 700 utandørs idrettsanlegg.»

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet!

Det 109. ordentlige Storting som i dag er åpnet, er det siste i denne valgperioden.

Med det store og betydningsfulle oppgavefelt som staten har i vår tid, vil Stortinget få mange og viktige saker til behandling.

Å yte vårt bidrag til en fredelig utvikling i verden må være en sentral oppgave for norsk utenrikspolitikk. Det er et syn som har allmenn tilslutning i folket og i Stortinget, som er folkets representanter. Å styrke De forente nasjoner og yte hjelp til utviklingslandene ser vi som naturlige midler for en slik målsetting.

Det er de innenrikspolitiske sakene som vil komme til å legge beslag på det meste av Stortingets tid. Det er saker som vil få betydning

for næringer, distrikter, større eller mindre grupper av norske borgere og for samfunnet som helhet. Stortingets arbeid med sakene vil bli fulgt med oppmerksomhet og interesse.

Det er et ansvarsfullt verv folket har gitt sine representanter i Stortinget.

Vårt arbeid vil bli preget av forskjellige interesser og ideer som brytes. I et moderne samfunn er det kjennetegnet på et politisk demokrati. Men vi har også grunnleggende verdier som vi står sammen om, og også det vil sette sitt preg på vårt arbeid.

Deres Majestet uttalte i trontalen det ønske at Stortingets gjerning må bli til gagn for fedrelandet. Dette er også representantenes ønske.

I tillit til at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt beste i arbeidet med de oppgaver som vi er kalt til å løse, samler vi oss i det gamle ønsket:

Gud bevare Kongen og Fedrelandet!

Dette ønske istemte Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottagelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretning om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.

Møte mandag den 5. oktober kl. 11.

President: L a n g h e l l e.

D a g s o r d e n :

1. Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.
2. Referat.

**Presidenten:** Representantene Fossum, Christiansen og Nordahl, som har hatt permisjon, har igjen tatt sete.

Fra representanten Asbjørn Holm foreligger følgende permisjonssøknad, datert 5. oktober 1964:

«Jeg søker med dette sykepermisjon i dagene 5., 6. og 7. oktober.

Legeattest vedlegges.

Varamann bes innkalt.»